

VEDTEKTER FOR KULTURPRISEN FRÅ VESTNES KOMMUNE

Vedtektene bygger på kultursak 134/85, 77/99 – og er seinare revidert.

Namn

Namnet på prisen er "Kulturprisen frå Vestnes kommune."

Føremål

Føremålet med prisen er å hjelpe fram kulturarbeidet i Vestnes kommune.

Organisering

Vedtak om og utdeling av prisen er lagt til Vestnes formannskap

Storleik

Prisen skal vere ein pengesum (kr.10.000) og ein diplom.

Storleiken av kulturprisen blir fastsett for kvar valperiode.

Kven som kan få prisen

Kulturprisen kan gjevast til einskildpersonar eller grupper av personar og til lag og organisasjonar som høyrer heime i kommunen – og som har vist vedvarande evne og vilje til å yte aktiv kulturinnsats utover det vanlege. Formannskapet har fullmakt til å vurdere utvida tildelingskriterium som inkluderer idrett, frivillig arbeid, miljø og anna samfunnsnyttig arbeid. I tilfelle kulturarbeidet til vedkomande kjem eller har komme, særleg Vestnes kommune til gode, kan prisen også tildelast kandidatar som ikkje er busette i kommunen.

Kven som ikkje kan få prisen

Kulturprisen kan ikkje gjevast til offentlege institusjonar eller til landsomfattande organisasjonar som i hovudsak finansierer arbeidet sitt med offentlege midlar. Kulturprisen kan heller ikkje tildelast personar som er tilsette av det offentlege for å drive med kulturarbeid eller kulturvern.

Kunngjering

Vestnes kommune syter for å gjere prisutdelinga kjent og fastset frist for kandidatframlegg. Fristen skal kunngjerast i lokalpressa, på kommunen si heimeside og i sosiale medium som kommunen nyttar.

Framlegg på kandidatar

Framlegg på kandidatar kan fremjast av einskildpersonar eller lag og foreiningar.

Formannskapet kan også sjølv foreslå kandidatar til prisen.

Framlegget skal vere skriftleg og med ei rimeleg grunngjeving for framlegget.

Berre kandidatframlegg som kjem fram i utlysingsåret blir behandla. Evt. tidligare kandidatframlegg som ikkje nådde opp, må fremjast på nytt.

Kommunen skal ikkje offentleggjere kandidatar som ikkje nådde opp.

Vedtak

Vestnes formannskap gjer årleg vedtak om kulturprisen skal utdelast og kven som skal få prisen. I tilfelle prisdeling skal det avgjerast kor stor del kvar kandidat skal få.

Prismottakar må ha eit fleirtal av røystene bak seg. Avrøystinga mellom kandidatane skal ikkje offentleggjerast.

Det skal ikkje knytast særlege vilkår til korleis mottakaren skal nytte kulturprisen.

Grunngjeving

Vestnes formannskap kunngjer vedtaket om tildeling av kulturprisen og offentleggjer både prismottakar og tilhøyrande forslagstillar(ar.)